



Sunnfjord
kommune

Plan for friluftslivets ferdselsårer og område

Vedlegg - Kommunal plan for kultur, frivillighet og inkludering



Innhold

1	Bakgrunn	3
1.1	Mål.....	4
1.2	Metode.....	4
2	Sti og løypearbeid i Sunnfjord kommune.....	6
2.1	Status	6
2.2	Sentrale aktører	6
2.3	Retningslinjer	8
3	Mål i høve til no-status	8
3.1	Resultatmål – del 1	8
3.2	Resultatmål – del 2	10
3.3	Offentlege friluftslivsområde og turmål	19
4	Tiltak	21

1 Bakgrunn

Sunnfjord kommune skal lage ny kommuneplan for kultur, frivilligheit og inkludering, som inkludera idrett og friluftsliv. Samstundes er det nasjonalt oppfordra til at alle kommunar har ein plan for friluftslivets ferdselsårer (jf. Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv). Denne planen omhandlar av dei grunnar både friluftslivets ferdselsårer og områder, og er vedlegg til kommuneplanen for kultur, frilvilligheit og inkludering. Miljødirektoratet har det nasjonale prosjektansvaret for friluftslivets ferdselsårer og fylkeskommunen er regionalt prosjektansvarleg og bistår kommunane med m.a. tilskot og rettleiing.

Målet med ein eigen plan for friluftslivets ferdselsårer og områder er å samle alle turrutene og turmåla på ein stad, få fleire ut på tur og auke tilgjengelegheita. Resultatet frå arbeidet bidreg til auka kunnskap, slik at vi kan vedlikehalde og utvikle ferdselsårene/friluftslivsområda i kommunen vår. Planen skal sikre at nye tur-ruter vert etablert der det er behov for dette, og at omsyn til andre interesser og naturverdiar vert ivareteke. I tillegg blir informasjonen lettare tilgjengeleg for dei som skal arbeide med stiane i saksbehandling og arealplanlegging, for interessegrupper og i leiteaksjonar.

Definisjonar

Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Det er i tråd med definisjonen som vert lagt til grunn i Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet*.

Ferdselsårer: Ferdselsårer er traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Ulike typar ferdselsårer:

- **Sti** er eit tydeleg, smalt og samanhengande trakk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.
- **Turveg** er ein opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jamt og fast toppdekke i minst 1,2 m bredde.
- **Lei** er ferdselsårer på vatn og over brear.
- **Løyper** er ferdselsårer på snødekt mark som jamleg vert trakka eller preparerte, eller som vert merka eller kvista som traséar for vinterferdsel.

Turruter er skilta, merka og kartfesta traséar for ferdsel i den sesongen som er aktuell for bruk. Det vert skild mellom fleire typar turruter, sjå Merkehåndboka. no for meir informasjon.

Turforslag er ein anbefalt tur. Turforslag er ikkje ein del av de offentlege kartgrunnlaget. Turforslag vert formidla bl.a. på ulike turportalar, informasjonsbrosjyrar, turkort og gjennom munnleg overlevering.

Målpunkt: Målpunkt er både stader der det er naturlig å starta og avslutta bruken av ferdselsårene og attraksjonar/ stader som motiverer til bruk av dei. Døme på slike stader er parkeringsplassar, benkar, gapahukar, utsiktspunkt, kulturminne, osv.

Kjelde: *Veileder M-1292/2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer*.

1.1 Mål

Mål	Omtale
Effektmål	• Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse for innbyggjarar • Auka bulyst og attraktivitet som bustad og reisemål • Breitt aktivitetstilbod med ulik grad av tilrettelegging sommar og vinter • Alle brukargrupper skal ha eitt nærturtilbod uavhengig av funksjonsnivå • Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar innan friluftslivstilrettelegging • «Rett sti på rett plass»
Resultatmål	• Alle merka turruter med driftsansvar skal inn i Nasjonal base for tur og friluftsruter, inkl. tilrettelagte parkeringsplassar, dagsturhytter og gapahuk (turmål). • Merka turruter vert skilta etter nasjonal standard og utforma i samsvar med rettleiar Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv (MD 2019) • Minimum éi universelt utforma naturprega ferdselsåre i sentrumsområda definert i KPA. • Alle skular, barnehagar og eldresenter/helsetun skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærområde sitt • Tilgang til preparerte skiløyper i alle delar av kommunen • Etablere padle- og ro-ruter i kommunen • Etablere sykkelruter i kommunen • Synleggjere og definere vedlikehaldsansvar på aktuelle postvegstrekingar

Tabell 1: Mål for plan for friluftslivets ferdselsårer og område.

1.2 Metode

1.2.1 Prosess

Planarbeidet har følgd Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer. I tråd med denne rettleiaren er prosessen gjennomført i to delar:

1. Kartlegge dagens status
2. Analysera og vurdere tiltak, samanstill og lage tiltaksplan. Resultat frå plan for friluftslivets ferdselsårar skal innarbeidast i plan for kultur, frivilligheit og inkludering.

1.2.2 Organisering

Planarbeidet har blitt gjennomført av ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har bestått av Solfrid Trå (idrett og friluftsliv, prosjektleiar), Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy

(einingsleiar idrett og friluftsliv), Joar Helgheim (einingsleiar landbruk og miljø), Henning Malones (landbruk og miljø), Ove Hatlestad Solås (areal og byggesak) og Atle Holsen (DNT/Indre Sunnfjord turlag). Deltakarane er valt ut på bakgrunn av fagkompetanse og lokalkunnskap om friluftslivstilrettelegging. Kommunalsjef kultur og idrett, Anita Nordheim, er prosjekteigar.

1.2.3 Avgrensingar av arbeidet

«Friluftslivets ferdselsårer» vert i rettleiaren definert som traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Turstiar og andre ferdselsårer for friluftslivet finn ein nesten overalt i kommunen. Nokre er utan tilrettelegging og vert brukt sporadisk av nokre få. Andre er tett på der folk bur, har høg bruksfrekvens, større slitasje og oftare høg grad av tilrettelegging. Det er ferdselsårer som er/skal vera merka, skilta og godt tilrettelagt (drifta) som er kartlagt og med i planen.

Planen omhandlar følgande bruk:

- merka fotturar
- preparerte/merka skiløyper
- merka sykkelruter
- merka padleruter

I tillegg er turmål som parkeringsplassar (startpunkt for turen), dagsturhytter, gapahukar mm. registrert. Vi har også inkludert statleg sikra friluftslivsområde i planen, andre offentlege friluftsområde og stolar kommunen eig.

1.2.4 Kartlegging og registrering

Arbeidsgruppa har gått gjennom eksisterande datasett «tur og friluftsruter» og oppdatert denne. Oppdateringa er utført ved hjelp av kunnskap frå merkeansvarlege i turlaget og tilsette i kommunen, anleggsregisteret (spelemiddelordninga), turkart, trimpostar, turportalar som ut.no mfl.

Vi fekk ein del innspel frå lag- og organisjonar, og denne informasjon er lagt til grunn i kartlegginga og oppdatering av tur- og friluftsrutebasen.

Stiar og turveggar som er skilta og merka, og har driftsansvarleg er registrerte. I tillegg er turmål som parkeringsplassar, dagsturhytte og gapahukar registrerte.

Nokre av stiane treng kvalitetssikring i felt, og datasettet vil bli oppdatert ved endringar/behov.

1.2.5 Medverknad

Det vart utarbeida eitt informasjonsbrev og innspelsskjema, og dette vart sendt ut til rundt 150 lag og organisasjonar i kommunen. I tillegg kontakta vi lokallag/enkeltpersonar som vi veit sit med mykje kunnskap om sine områder.

Planen vart lagt ut på høyring saman med høyring av plan for kultur, frivilligheit og inkludering 2023.

2 Sti og løypearbeid i Sunnfjord kommune

2.1 Status

Dei siste fem - ti åra har kommunen har hatt ei aukande satsing på friluftsliv. Kommunen har i samarbeid med andre skilta, merka og tilrettelagt stiar, etablert nye turvegar/sykkelvegar, dagsturhytter, gapahukar og parkeringsplassar. Kartlegging og verdsetjing av friluftslivsområde vart ferdig for heile kommunen i 2022.

For å ferdast i natur som ligg utanfor gå- og sykkelavstand frå bustadområde er det avgjerande med gode parkeringsmoglegheiter. Kommunen har etablert ti toppstuparkingsplassar som er drifta og finansiert av kommunen gjennom frivillig brukarbetaling. I tillegg har grunneigarar/ grunneigarsamslutningar etablert parkeringsplassar for turfolk.

Det er etablert fire dagsturhytter i samarbeid med Vestland fylkeskommune, og ei femte er planlagt. Slike turmål er viktige for å auke turgleda for alle, og skal bidra til at fleire kjem seg ut på tur. Kommunen har i tillegg tre stolar og fem statleg sikra friluftslivsområde. Det er planar om å sikre stolskvia på Flugestølen som eitt statleg sikra friluftsområde og utvikle områda vidare i samarbeid med aktuelle aktørar.

Det er også gjort mykje tilretteleggingstiltak for friluftslivet av lag og organisasjonar rundt om i kommunen, og arbeidet er i hovudsak utført av frivillige. Det er lokale idrettslag som merkar og organisera trimpostar og liknande.

Tilrettelegging er utført der det er kome innspel/behov eller der frivillige lag og organisasjonar ønsker å etablere tiltak for friluftslivet. Mange av tiltaka har søkt og fått tilskot gjennom spelemiddelordninga. Sunnfjord kommune har i tillegg til spelemiddelordninga, to eigne fond for fiske- og friluftslivstiltak (Kjøsnesfjorden og Jølstra). Fonda skal primært nyttast for tiltak som ikkje får spelemidlar, og som er lokalisert innanfor Jølster. Bankstiftingar er også ofte ei god kjelde til medfinansiering av tiltak for lag og organisasjonar innan friluftsliv.

Kommunen løyver driftstilskot til lag og organisasjonar for å støtte løypekøyning m.m. og er eigar av ein del lysløyper rundt om i kommunen.

Sunnfjord kommune er ikkje medlem av eitt friluftsråd endå, og kommunen er ikkje i gang med stikk ut eller stolpejakt som ein del andre kommunar.

2.2 Sentrale aktørar

2.2.1 Grunneigarar

Grunneigarar har disposisjonsrett over eigen grunn, beiterettar mm. og er med det ein svært sentral aktør i planlegging, tilrettelegging og utvikling av sti- og løypenettet. Ein del plassar har grunneigarane organisert seg i grunneigarlag, utmarkslag og liknande. Det er derfor viktig med eit godt og formalisert samarbeid mellom

kommunen, grunneigarar/grunneigarsamslutningar, frivillige organisasjonar og brukarar.

Godt samarbeid om tilrettelegginga kan styre ferdsla til fordel for både ålmenta og grunneigarane.

2.2.2 Stat og kommune

Det offentlege har ansvar for at alle kan utøve friluftsliv. Kommunen er øvste arealmyndigheit. Kommunen skal ifølgje friluftsløva § 22 arbeide for å fremje friluftsmål innan sitt område og ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet. Kommunen har ikkje ei lovpålagt oppgåve med å drifte sti- og løypenettet.

2.2.3 Verneområdeforvaltninga

Sunnfjord kommune har to store verneområde, Jostedalsbreen nasjonalpark og Naustdal Gjengedal landskapsvernområde, i tillegg til mindre landskapsvernområde og naturreservat.

Statsforvaltaren administrerer verneområdeforvaltninga med unntak av tre naturreservat (Mallasvika, Grønøyra og Kleppstølsvatnet) som kommunen administrerer. Det er eigne verneområdestyrer for Jostedalsbreen nasjonalpark og Naustdal Gjengedal landskapsvernområde.

Desse er sentrale aktørar ved planlegging, tilrettelegging og utvikling av sti- og løypenettet både i verneområde og for innfallsportar til områda. Besøksstrategiane er verneområdestyra sitt konkrete og målretta forvaltningsverktøy.

Statens Naturoppsyn har oppsynsansvar i verneområda.

2.2.4 Villreinnemda og - utvala

Deler av kommunen ligg innanfor leveområde til villreinen. Villreinen er sårbar for menneskeleg aktivitet og trekk vekk frå dei områda den ikkje får gå i fred i. Villreinen er ein ansvarsart, som Norge er særleg forplikta til å ta vare på.

Sunnfjord kommune har areal i to villreinområde (Sunnfjordfjella og Førdefjella). Det er oppretta villreinutval for kvart villreinområde. Villreinnemda for Sogn- og fjordane er den offentlege nemnda for villreinen i vårt område, der Statsforvaltar har sekretær funksjonen.

2.2.5 Frivillige organisasjonar

Indre Sunnfjord Turlag (lokallag av Den norske turistforening), idrettslag, grunneigarsamanslutningar og ei rekkje andre frivillige lag i kommunen har tatt på seg å etablera, vedlikehalda og drifta ei rekkje turstiar og andre friluftslivsrelaterte anlegg. Ein del av laga har forplikta seg til å ta på seg drift og vedlikehald gjennom ein vedlikehaldsavtale for einskilde stiar og turområde, men svært mange av stiane vert vedlikehaldne utan at det ligg føre formaliserte vedlikehaldsavtalar, og sporadisk ved behov. Ein del turstiar vert vedlikehalde av privatpersonar.

2.3 Retningslinjer

2.3.1 Skilting, merking og informasjon

Tilrettelegging gjennom merking og skilting kan føre til auka ferdsel då terskelen for å utøve friluftsliv vert lågare. Informasjon om allemannsretten/plikta, og omsyn til vilt og beitedyr, er viktige tema som bør vere med i informasjonstiltak.

[Merkehandboka](#) er rettleiande for skilting og merking alle ferdselsåretiltak.

2.3.2 Tilrettelegging

Tilrettelegging bidreg til auka ferdsel og tryggleik for alle som ferdast i naturen. Rydding, merking, skilting og anna tilrettelegging er miljøinngrep og skal utførast så omsynsfullt og diskre som mogleg, samstundes som det skal gi alle brukargrupper tilgang til naturen.

Miljødirektoratet lanserte «[Stiskulen](#)» i 2022, og dette verktøyet saman rettleiar Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv (MD 2019) er rettleiande for alle ferdselsåretiltak i utmark.

Sunnfjord kommune sine føringar for nye tiltak:

- Det skal alltid føreligge avtaler mellom grunneigarar og tilretteleggjar.
- Ved tilrettelegging skal det fokuserast på berekraftige tilretteleggingstiltak som ikkje fører til nemneverdig skade på naturen. Tilretteleggjar oppfordrast til å gå i dialog med kommune og grunneigar for å kartlegge og vurdere miljøkonsekvensar av tiltaket. Traséar bør ikkje leggjast på dei beste beitemarkene.
- Ved større prosjekt skal det lagast prosjektplan.
- Tilgang til tilfredsstillande infrastruktur (parkeringsplass, brygge mm.) er ein føresetnad.
- Søknadsplikt etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk skal alltid avklarast. Dersom arbeidet skal utførast ved bruk av maskiner, er tiltaket søknadspliktig etter plan – og bygningslova og motorferdselslova.
- Tiltak i verneområde er søknadspliktig etter verneforskriftene.
- For tiltak i villreinområde og innfallsportar til dei store verneområda bør det utførast sårbarheits analyser før ein gjer tilretteleggingstiltak. Dette må avklarast i samråd med verneområdeforvaltninga og villreinnemda.

3 Mål i høve til no-status

Kartlegginga av status på eksisterande sti- og løypenett har gjeve ei oversikt over tilstand og behov for kvar einskild ferdselsåre, kor ferdselsårene er lokalisert og kva typar vi har av ferdselsårer/ferdselsleier. Denne oversikta gjev eit grunnlag for vurdering og prioritering av tiltak opp mot resultatmåla.

3.1 Resultatmål – del 1

3.1.1 Kartlegging av dagens status

Kartlegginga syner at vi har mange godt tilrettelagde fot ruter (stiar) og skiløyper i heile kommunen, men ikkje alle er skilta/merka etter merkehandboka. Tilbodet i

tettstadane våre er kartlagt kring skule, barnehage og omsorgssentera, og syner at mange har god tilgang til ei naturprega ferdselsåre, men ikkje alle.

Dei fleste eksisterande stiane i Sunnfjord kommune er ikkje universelt utforma. Det er etablert nokon turveg/sykkelveg med grusdekke i nærleik til tettstadane våre. Dei delane av turvegane som ligg i flatt terreng er universelt utforma og tilgjengeleg for alle. Det er lite skilta og merka sykkelruter og ingen merka/silta padleleder.

Kartlegginga syner også at det er etablert ein del turmål, som dagsturhytter og gapahukar, og parkeringsplassar for friluftslivet. Sunnfjord kommune har vedtatt ein prinsippvurdering på dagsturhytter som skal eigast av kommunen, og denne legg føringar for eventuelt nye kommunale dagsturhytter.

Resultatet frå kartlegginga finn ein på naturbase, norgeskart, fylkesatlas mfl., og der finn ein også informasjon om vedlikehaldsansvar. Datasettet inneheld ikkje ferdselsårer som manglar skilting og merking.

Informasjon om grad av universell utforming finn ein i databasen «Tilgjengelegheit» til Kartverket. For Sunnfjord kommune er datasettet oppdatert av Vestland fylkeskommune.

3.1.2 Oppdatere data i nasjonal database for tur- og friluftsruter

Databasen er kvalitetssikra, supplert og oppdatert med fotturar, skiløyper, sykkelruter og turmål, inkludert informasjon om skilting, merking, driftsansvarleg mm.

Databasen må oppdaterast ved behov, og bør gås gjennom årleg.




Fig. 1: Oversiktskart, syner alle fotturar som er skilta og merka i Sunnfjord kommune 2024

3.2 Resultatmål – del 2

3.2.1 Merka turruter vert skilta og utforma etter nasjonal standard

Kartlegginga synte at ikkje alle tur-rutene var godt nok merka etter nasjonal standard. Delar av midlane frå planarbeidet skal nyttast til å skilte og merke kommunen sine turveggar/stiar som manglar dette.

Det er behov for rutinar for å sikre at merking, skilting og stien vert vedlikehalde over tid. Informasjon og opplæring i merking etter merkehandboka er også ønskeleg å få til. Dette vert omtalt under tiltak.



3.2.2 Minimum ei universelt utforma naturprega ferdselsåre i sentrumsområda


Vi har ikkje utført ei eiga kartlegging, men tatt utgangspunkt i kartlegging utført i regi av Vestland fylkeskommune og datasettet Tilgjengelegheit.

Status for sentrum/tettstadar (definert i KPA) i kommunen er skildra i tabellen under. Den syner at tre av tettstadane våre ikkje har tilgang til ei universelt utforma ferdselsåre. Dei andre tettstadane har tilgang til turveggar med universell utforming for elektrisk rullestol og synshemma, medan det er lite tilbod for dei med rullestol. Ved oppgradering av desse turvegane er det viktig å prøve å få desse tilgjengeleg for alle.



Tettstad	Turveggar som har universell utforming	Naturpreg	Kart
Førde	Turveg (1,5 km) gjennom Hafstadparke n er tilgjengeleg for synshemma og elektrisk rullestol, og delar av den for rullestol (grønt). Har gatelys.	Nærleik til elv, parkprega.	

Naustdal	Turveg (500 m) gjennom Sanden er tilgjengeleg for alle, har benkar og lys langs turvegen. Turvegen frå Jarane til Grimsethmarka (1,5 km) er tilgjengeleg for synshemma og elektrisk rullestol. Har gatelys.	Sanden: Nærleik til sjø, bade-plass, parkprega. Jarane – Grimsethmarka: nærleik til elv, skog.	
Sande	Turveg frå sentrum til brua er tilgjengeleg for alle (2 km). Turveg rundt «øya» tilgjengeleg for alle (500 m)	Nærleik til elv, skog.	
Vassenden	Turen rundt golfbana (2 km) på Vassenden er delvis tilgjengeleg for synshemma og elektrisk rullestol.	Nærleik til elv, parkpreg.	

Skei	Turveg frå Fossheim til Grungen (2 km) er tilgjengeleg for synshemma og elektrisk rullestol.	Nærleik til vatn, skog.	
Bygstad	Ingen		
Viksdalen	Ingen		
Vevring	Ingen		

Tabell 2: Status på universelt utforma turveggar i tettstadane i Sunnfjord kommune 2024

3.2.3 Tur-ruter tilpassa og i nærleik til skule, barnehagar og eldresenter

Tur-rutene må ligge nærmare enn 500 meter frå skulen/barnehagen eller eldresenter og ha naturpreg. For skule og barnehage er det ein fordel at dei har attraktive turmål, som gapahukar, klatreløyper mm. For omsorgssenter er det ein fordel at dei har kvileplassar og liknande og at ferdselsåra ikkje er for bratt og ulendt.

Tabellen under gjer ei oversikt over alle skular, barnehagar og omsorgssenter i kommunen, og status på om dei har ei ferdselsåre i nærleiken og kvaliteten på denne. Oversikta syner at ikkje alle skular, barnehagar og omsorgssenter har ei naturprega ferdselsåra i nærleiken, og dette vert omtalt under tiltak.

Grøn = oppfyller resultatmålet i stor grad
 Gul = oppfyller delvis resultatmålet
 Raud = oppfyller i liten/ingen grad resultatmålet
 Kvitt/blank = usikker, må kartleggast

Skule 	TUR- STIVE G	MERK A	TURMÅL	UNIVERSEL L UTFORMIN G	MERKNAD
Bygstad skule	Usikker	Usikker			
Flatene skule	Stor grad	Delvis	Bekkjavatnet Badekulpen		
Førde barneskule	Delvis	Liten grad	Hafstadparken	Tilgjengeleg for alle	Gang og sykkelveg/ Turveg Hafstadparke n
Førde ungdomsskul e	Delvis	Liten grad	Hafstadparken	Tilgjengeleg for alle	Gang og sykkelveg/ Turveg Hafstadparke n
Halbrend skule	Stor grad	Delvis	Badekulpen Bekkjavatnet Postvegen		
Holsen skule og barnehage	Delvis	Liten grad	Gapahuk		Tilkomst via kjøreveg
Naustdal skule	Delvis	Delvis	Sanden Gapahuk Holten Øyra/Løken nærmiljøanleg g Turveg Jarane		Tilkomst via Gang og sykkelveg/ fortau
Sande skule	Stor grad	Stor grad		Tilgjengeleg for alle	
Skei skule	Stor grad	Stor grad	Gapahuk Dagsturhytta	Liten grad	Treng skilting frå skulen
Slåtten skule	Stor grad	Stor grad	Legestølen		
Sunde skule	Liten grad	Liten grad			
Vassenden skule	Stor grad	Usikker	Gapahuk		
Vevring skule og barnehage	Stor grad	Liten grad	Gapahuk (bak kyrkja) Stranda ved butikken		Traktorvegar og køyreveg
Viksdalen skule	Stor grad	Usikker	Lauvavatnet		

Tabell 3: Oversikt over alle skular i kommunen, og status på om dei har ei ferdselsåre i nærleiken og kvaliteten på denne

Barnehage 	TUR- STIVE G	MERK A	TURMÅL	UNIVERSE LL UTFORMIN G	MERKNAD
Bygstad barnehage	Usikker	Usikker			
Halbrend barnehage	Stor grad	Delvis	Badekulpen		
Hatlehaugen barnehage	Delvis	Usikker	Sjukehusparken		Krysse FV
Holsen barnehage	Delvis	Liten grad	Gapahuk		
Karstad barnehage	Liten grad	Liten grad			
Langhaugane barnehage	Stor grad	Delvis	Dalevatnet Hjembrekkeelva		
Lunden barnehage	Delvis	Liten grad	Sanden Øyra/Løken nærmiljøanlegg Turveg Jarane		
Naustdal Idrettsbarnehage	Delvis	Liten grad	Sanden Øyra/Løken nærmiljøanlegg Turveg Jarane		Gang og sykkelveg
Nærleiken barnehage	Stor grad	Stor grad	Hafstadparken		
Prestebakken barnehage	Liten grad	Liten grad			Gang og sykkelveg
Sande barnehage	Stor grad	Stor grad			
Skei barnehage	Stor grad	Liten grad	Speidarplassen Gapahuk		
Slåttebakkane barnehage	Delvis	Usikker	Bane Brattebergkvia		
Solsida barnehage (Haugum)	Delvis	Usikker	Bane Haugum Horneskletten		
Solsida barnehage (Toene)	Liten grad	Usikker			Gang og sykkelveg
Solvang barnehage	Delvis	Usikker	Legestølen		
Stardalen barnehage	Stor grad	Usikker	Grindbygg		

Sunde barnehage	Liten grad	Usikker			
Tusenfryd barnehage	Delvis	Usikker	Uteavdeling Vieåsen		
Vassenden barnehage	Delvis	Liten grad	Hjelmbrekka eventyrskogen Hjelmbrekkeelva		
Vie barnehage	Delvis	Usikker	Sjukehusparken		Krysse FV
Viebøen barnehage	Delvis	Usikker	Uteavdeling Vieåsen		
Vieåsen barnehage	Stor grad	Stor grad	Dagsturhytte Uteavdelling Vieåsen		
Vevring barnehage	Stor grad	Liten grad	Gapahuk (bak kyrkja) Stranda ved butikken		Traktorvegar og køyreveg
Viksdalen barnehage	Stor grad	Usikker	Lauvavatnet		
Ytre Hafstad barnehage	Stor grad	Usikker	Badekulpen		
Ålhus barnehage	Delvis	Stor grad	Eikåsgalleriet uteområde		Turrute Hegrenesvegen

Tabell 4: Oversikt over alle barnehagar i kommunen, og status på om dei har ei ferdselsåre i nærleiken og kvaliteten på denne

Omsorgssenter	TUR-STI/VEG	MERKA	TURMÅL	UNIVERSELL UTFORMING	Merknad
					
Førde omsorgssenter	Stor grad	Usikker	Løken Øyrane	Stor grad	Gang og sykkelveg
Naustdal omsorgssenter	Stor grad	Stor grad	Nausta	Delvis	
Sande omsorgssenter	Liten grad	Usikker			
Skei omsorgssenter	Liten grad	Liten grad	T'en Skeisbukta		

Tabell 5: Oversikt over omsorgssenter i kommunen, og status på om dei har ei ferdselsåre i nærleiken og kvaliteten på denne

3.2.4 Tilgang til preparerte skiløyper i alle delar av kommunen

Langeland skisenter er eit regionalanlegg og kommunen sitt største anlegg. Anlegget er plassert mellom Førde og Sande. Det er bygd for å kunne ha større arrangement.

Skianlegg i litt mindre omfang er etablert rundt om i kommunen. Anlegga er plassert der snøforholda gjer det mogleg å preparere skiløyper stort sett heile vintersesongen. I framtida kan dette endre seg, og ein må då sjå på om løyper må etablerast andre plassar eller vurdere tiltak. To av langrennsanlegga er tilknytt alpinsenter (Gjesdalsdalen og Hoffslåttene). Vevring og Naustdal er tettstadane som har lengst avstand til anlegg med preparerte skiløyper (høvesvis ca. 40 km og 20 km).



Fig. 2: Oversiktskart over alle anlegg med preparerte skiløyper i Sunnfjord kommune

Vi reknar tilgang til preparerte skiløyper som tilfredsstillande, og tilbodet bør oppretthaldast.

Oversikt over skianlegg med preparerte skiløyper i Sunnfjord kommune:

Stad	Preparerte skiløyper (km)	Lys (km)	Andre fasilitetar	Ansvar preparering og vedlikehald
				
Langeland ski- og fritidssenter	35 km	5,5 km	Rulleskiløype 3 km Varmestove Gapahuk Skiskyteanlegg (ferdig 2023) Skileik	Langeland skisenter AS


Instedalen skisenter	4 - 5 km	4 km	Varmestove Gapahuk Skileik	Instedalen skisenter AS
Nes – Vonavatnet Vonavatnet - Fosselvkråna	2 km 6 km			
Sundsdaalen/Masdaalen	2 - 3 km	2 - 3 km	Gapahuk Skihytte	Sunde Krins grendalag
Angedalen (Botnen)	3 km	Nei		Angedalsgruppa
Bjørkelia Gjesdalsdaalen	2 km 15,5 km	2 km	Gapahuk	Jølster løypelag
Årdal	7,5 km	1 km	Skileik Gapahuk	Årdal og Helgheim grendalag
Dvergsdalsdaalen	2 – 5 km	2 km	Gapahuk Grindbygg	Sunde og Dvergsdal grendalag
Haukedalen	2,5 km	2,5 km		Haukedalsgruppa
Hoffslåttene	1,6 km		Varmestove	Viksdalen IL
Eldalen (Kupa)	1,2 km	1,2 km		Viksdalen IL

Tabell 6: Tabellen gir oversikt over langrennsanlegg i kommunen, der det blir preparert skiløyper årleg

3.2.5 Etablere padle- og ro ruter i kommunen

Sunnfjord kommune har mange egne vassdrag og fjordar for padling. Tradisjonelt har vassdraga og fjordane vore mest nytta til fiske, men vert i aukande grad brukt til padling. Det er ikkje etablert faste padleleier og det finns heller ikkje informasjon om startpunkt, leier og turmål for padling i Sunnfjord kommune.

Eitt av tiltaka i planen er å lage ein plan for å få etablert dette, på aktuelle stadar i kommunen.



3.2.6 Etablere sykkelruter i kommunen

Sunnfjord kommune og Sunnfjord utvikling har hatt nokre prosjekt for å legge til rette for sykling, og informere om fine sykkelruter. Sykkel frå fjord til bre er eitt av dei, som resulterte i tre nye sykkelvegstrekk. Det er lite av sykkelrutene som er merka.

Eitt av tiltaka i planen er å skilte og merke allereie eksisterande turvegar/gang- og sykkelvegar som eignar seg for sykling. Vi vil også samarbeide med andre aktørar om å etablere fleire turvegar som eignar seg til sykling, der dette ikkje er i konflikt med andre interesser.



3.2.7 Synleggjere og definere vedlikehaldsansvar på Den Trondhjemske postveg

Sunnfjord kommune har ein del intakte strekningar av Den Trondhjemske postveg. Desse er både viktige kulturminne, men også viktig som ferdselsåre for friluftslivet. Mykje av strekningane ber preg av manglande vedlikehald, og spesielt vatn er i ferd med å øydelegge postvegen fleire stader om dette ikkje vert tatt tak i .

Fylkeskommunane i Vestland, Møre og Romsdal og Trøndelag har teke initiativ til samarbeid om postvegane. Målet er at postvegstrekingar vert opprusta etter handboka, vedlikehalde og synleggjort frå Bergen til Trondheim. Sunnfjord kommune er med i dette samarbeidsprosjektet. Postvegane er også med i kulturmiljøplanen til Sunnfjord.

Strekning	Lengde (km)	Status vedlikehald	Status skilting/behov
Bygstad - Bringeland	8 km	Deler av postvegen Bygstad-Haugsbø/Lia - Hjelmeland er intakt	Må kartleggast
Bringeland - Reset	8 km	Intakt strekning på 8 km. Lite vedlikehald sidan opprusting av postvegen i 1998. Har skjøtselsplan.	Skilta med postvegskilt enkelte stader. Manglande vedlikehald av grøfter og veg, har ført til utgraving i vegbana ein del plassar.
Movika - Eikås - Vassenden	9 km	Størstedelen av postvegen under E39 o.l. Berre små fragmenterte stekninga er intakt, mest på Eikås.	Må kartleggast
Vassenden – Svidalen - Ålhus	8 km	Fragmentert, og lite vedlikehalde. Går delvis under E39, private tun og dyrka mark. Strekninga i Svidalen er best vedlikehalde. Prosjekt på å få kvelvingsbrua i Svidalen rekonstruert.	Må kartleggast. Manglar skilting Samarbeid om bru og postvegstreking Svidalen.
Grungen - Paulsvatnet - Førø	6 km	Store delar av postveg under veg. Delar av postveg er intakt, den best bevarde strekninga er langs Paulsvatnet.	Må kartleggast

Tabell 7: Oversikt over postvegstrekingar i kommunen

3.3 Offentlege friluftslivsområde og turmål

Sunnfjord kommune har fleire offentlege område som er viktige for friluftslivet. Nokre eig vi, i andre område har vi avtale med grunneigar om tilrettelegging for friluftslivet. I statleg sikra friluftslivsområde har vi eitt særskilt ansvar, og kommunen driftar og utviklar desse i samarbeid med andre. I tillegg eig vi tre stølar som vi skal ta vare på og gjere tilgjengeleg for ålmenta. Dei er viktige turmål i tillegg til dagsturhyttene.

3.3.1 Statleg sikra friluftslivsområde

- Sanden: Bade- og friluftslivsområde i Naustdal sentrum. Det skal utarbeidast ny forvaltningsplan, for å skildre vidare utvikling av område. Samarbeid med Naustdal Fram.
- Russeneset friluftslivsområde: friluftslivsområde ved Førdefjorden, med skilta stiar, gapahuk, brygge. Område har ein forvaltningsplan, men denne bør oppdaterast.
- Hestad friluftslivsområde: Bade- og friluftslivsområde ved Hestadfjorden. Område er også ein del av Hestad landskapsvernområde, og det er igangsett arbeid med forvaltningsplan for område. Sunnfjord kommune eig og driftar toalett ved rasteplassen der.
- Parkeringsplass Langeland skisenter: utfartsområde/startpunkt til Langeland ski og fritidssenter. Skilta, og har brøyteavtale.
- Parkeringsplass Dvergsdalsdalen: utfartsområde/startpunkt preparert lysløype, topptur mm. Skilta, og har brøyteavtale.

3.3.2 Andre offentlege friluftslivsområde

- Bekkjavatnet/bymarka: Område er sett av til omsynssone friluftsliv. Kommunen eig ein av eigedomane ved vatnet (Langeneset) og har avtale med Bruland utmarkslag om bruk av Hundsrasta. Område er tilrettelagt med gapahuk, utedo, bord/benkar mm. SVV eig og driftar parkeringsplassen i tilknytning til område.
- Badestrand Erdalen: Bade- og friluftslivsområde i Erdalen. Kommunen har avtale med grunneigar om drift og tilretteleggingstiltak. SVV eig og driftar parkeringsplassen i tilknytning til område.
- Svidalsneset: Bade- og friluftslivsområde ved Jølstravatnet. Kommunen eig område. SVV har opparbeidd og driftar rasteplassen med toalett, parkering, leikeapparat.
- Vassenden bade- og friluftsområde: Kommunen eig område og det er parkeringsplass i tilknytning til område. Badeplassen vart oppgradert i 2023, med stupetårn, mur med benkar mm. Prosjektet var eitt samarbeid mellom kommunen og Vassenden 2025.
- Skeisbukta: Bade og friluftsområde på Skei. Kommunen eig område, og har samarbeid med Skei miljøutvikling om drift. Fyrig AS har etablert badstu i ein av nausta, og Skei miljøutvikling/Jølster idrettslag har planar om eitt stupetårn.

3.3.3 Kommunalt eigde stølar og dagsturhytter

- Sel og stølskvie på Flugestølen: Ei stølskvie og eitt tilhøyrande sel frå 1880 åra. Det er utarbeida ein prosjektplass for tiltak i området, og det også mål om å sikre område som statleg sikra friluftslivsområde.
- Sel på Vikastølen: Det skal utførast ei tilstandsvurdering i planperioden.
- Sel på Legestølen (Førde): Eigd av Slåtten skule. Selet vart rehabilitert i 2022.
- Dagsturhytta Gytta: Hytta har vedomn, og i tillegg har område utedo, gapahuk, bål plass, naturleikeplass. Det er parkeringsmoglegheiter ved kunstgrasbana på Vie, og stien er merka.
- Dagsturhytta Skaraly: Hytta har utedo. Det er etablert parkeringsplass ved startpunkt for stien, stien er merka og godt vedlikehalde.

- Dagsturhytta Steinkorshytta: Hytta har vedovn og utedo. Det er etablert to parkeringsplassar ved startpunkt for stien. Stien er merka, og vart oppgradert i 2023.
- Dagsturhytta Fjellro: Det er tilgang til å parkere ved Skei hotell eller i sentrum, og det er utført ein del utbetringstiltak på sti-nettet. Hytta har tilkomst frå tre plassar (sentrum, Skei skule og campingplassen Jølster panorama) og stiane er merka. Det er planar om å sette opp utedo og/eller vedovn i planperioden.
- Dagsturhytte Viksdalen: Under planlegging. Plan om bygging i 2024.



Fig. 4: Steinkorshytta (Naustdal)

4 Tiltak

Tiltakslista viser kva tiltaket går ut på, kven som har ansvar for gjennomføring av tiltaket og aktuelle samarbeidsaktørar, når tiltaket er planlagt gjennomført og ei prioritering for dei neste fire åra. Lista er sett opp i prioritert rekkefølge.

Prioritet	Tiltak	Periode	Ansvar	Samarbeids-part	Finansiering
1	Dagsturhyttene – diverse tiltak (sti, utedo, vedomn m.fl.)	2023 - 2026	Idrett og friluftsliv	Grunneigarar /tilsyns-ansvarlege	Spelemidlar/ BKK-midlar/ Dugnad
2	Sanden bade- og friluftslivsområde - forvaltingsplan - tiltak	2023 - 2026	Idrett og friluftsliv	Naustdal Fram	Tilskots-ordning statleg sikra fri.omr./ Investerings-midlar økonomi-planen
3	Friluftslivsområde kommunal stølskvie Flugestølen - statleg sikring - forvaltningsplan - tiltak	2023 - 2026	Idrett og friluftsliv	Vassenden 2025/ grunneigarar	Spelemidlar/ Investerings-midlar økonomi-planen/ Fiske og friluftsfond Jølstra
4	Dagsturhytte Viksdalen – anbod, bygging.	2023 - 2024	Idrett og friluftsliv	Viksdalen IL	Spelemidlar/V iksdalen IL
5	Etablere nettverk og faste årlege møte med friluftslivsorganisasjo nar i kommunen (friluftsforum)	Årleg f.o.m. 2024	Idrett og friluftsliv	Indre Sunnfjord turlag	Gjennom ordinær drift
6	Medlemskap i Fjordane Friluftsråd	Årleg f.o.m. 2025	Idrett og friluftsliv	Fjordane friluftsråd	Auka ramme i driftsbudsjett
7	Avklare driftsansvar og metode for vedlikehald av sti- og turvegprosjekt frå dei tidlegare fire kommunane (stivert/vaktmeister)	2024	Idrett og friluftsliv	Stivertar/ Grunneigarar	Gjennom ordinær drift

8	Tilstandsvurdering Vikastølen	2024	Idrett og friluftsliv		Gjennom ordinær drift
9	Tiltak Erdal badestrand	2024 - 2025	Idrett og friluftsliv	Førde Badeklubb m.fl.	Gjennom ordinær drift /økonomi-planen/ dugnad
10	Sykkelveg Kvammen - golfbana	2024 - 2025	Idrett og friluftsliv	Vassenden 2025	BKK midlar/ Spelemidlar
11	Samarbeide med SVV, VLFK og andre om utvikling og ta vare på Den Trondhjemske postveg.	2023 - 2026	Kultur og idrett	VLFK SVV Grunneigarar	Gjennom ordinær drift
12	Stimerkekurs - samarbeid med Indre Sunnfjord Turlag for opplæring i å planlegge sti-tiltak, inkludert merking og skilting etter merkehandboka	Årleg f.o.m. 2024	Idrett og friluftsliv	Indre Sunnfjord Turlag	Gjennom ordinær drift
13	Gjennomgang og oppdatering av tur- og friluftsrutebasen	Årleg f.o.m. 2024	Idrett og friluftsliv		Gjennom ordinær drift
14	Utarbeide plan for padle- og roruter i kommunen	2024/ 2025	Idrett og friluftsliv	Visit fjordkysten og Sunnfjord/ Sunnfjord Kajakklubb	Tilskots-ordning VLFK
15	Skape god balanse mellom område med og utan tilrettelegging for friluftslivet– sårbarheitsvurdering og soneinndeling	2025/ 2026	Idrett og friluftsliv	Areal og byggesak/ Verneområda /Villreinnemnda- og styra /Landbruks-org.	Gjennom ordinær drift
16	Kartlegge moglegheiter for å auke tilgjengelegheita på turvegane i sentrumsområda.	2025	Idrett og friluftsliv	VLFK/ Nærmiljøråda	Tilskots-ordning VLFK /Spelemidlar
17	Kartlegge og merke eksisterande sykkelruter	2025	Idrett og friluftsliv	Visit fjordkysten og Sunnfjord/ Nærmiljøråda Førde CK	Spelemidlar

18	Kartlegge moglegheiter for ferdselsåre i nærområde for skular, barnehagar og omsorgssenter som manglar tilbod.	2025/ 2026	Idrett og friluftsliv	Skule/ Barnehage/ Omsorgs- senter/ Nærmiljøråda	Gjennom ordinær drift. Sette opp tiltak i prioritert rekkefølge, jf. tabell 3, 4 og 5
19	Ta initiativ til skilting og merking av ferdselsårer etter nasjonal standard der dette manglar.	Årleg f.o.m. 2025	Idrett og friluftsliv	Drifts- ansvarlege	Gjennom ordinær drift/ Spelemidlar
20	Ferdselsteljing på utvalde stader	2026	Idrett og friluftsliv		Tilskots- ordning VLFK
21	Plan for skilting til nærturområde frå alle kommune-, lokal- og nærsenter (Digital informasjon, QR-kode)	2026	Idrett og friluftsliv	Nærmiljøråda Vegmynde	Gjennom ordinær drift
22	Bekkjavatnet/ bymarka - traktorveg mellom skogsbilveg og Langeneset	2026	Idrett og friluftsliv	Landbruk og miljø/ Bymarkas venner	Investerings- midlar økonomi- planen/ Spelemidlar